

nr. 7 - 2012

PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular


KOR KAN DU FINNE SPRÅKTIPS?



KOR KAN DU FINNE SPRÅ

Det finst mange språkressursar barnehagane kan nytte seg av. Me viser deg nokre av dei her.

TEKST: JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR



© Gaute Øvereng / Ivar Aasen-tunet

korleis ein betre kan formidle tekstar ved høgtlesing. Boktips, teikneseriar og aktivitetsark er også populære.

– Ingeborg Mjør har dessutan laga ei liste med åtte tips til korleis ein kan få til ei nynorsk språkstimulering i barnehagen, noko som kan vere ei kjekk hugsliste for barnehagane, seier Torvund Olsen.

Nynorsksenteret har i tillegg laga filmar der dei dokumenterer ulike barnehageprosjekt som kan vere til inspirasjon for andre.

– Det er ofte lettare å sjå ein film på fire minutt enn å setje seg ned for å lese ein artikkel, seier Olsen.

Han er ikkje i tvil om at tidleg fokusering på språkleg stimulering er viktig.

– For dei borna som skal ha nynorsk på skulen, er det særskilt viktig å møte nynorsken tidleg i barnehagen, elles blir overgangen til skulen stor.

Det pedagogiske opplegget Troll i ord tek utgangspunkt i tre eventyr; Guten som gjekk til Nordavinden og kravde igjen mjølet, *Dei tre bukkane Bruse som skulle til seters og gjere seg feite* og *Då påfuglen og ramnen fekk fargane sine*. Opplegget kjem i dag på

14 ulike språk, blant anna fransk, somali, urdu, nynorsk og bokmål.

– UDIR har støtta utviklinga av Troll i ord, og me håpar no å få midlar til å kunne utvide serien med eit afrikansk eventyr, som i så fall vil bli lansert vinteren 2013, seier Synnøve Tveito i GROM design, som har utvikla opplegget.

I opplegget får barnehagane ei eventyrøskje til kvart eventyr, og der finn dei figurar og eit eventyrhefte som mellom anna inneheld fotografi som kan brukast som kulisser ved lek og dramatisering av eventyret. Alle produkta er svanemerka.

– No i haust lanserer me den tredje eventyrøskja, basert på eventyret om Påfuglen. Samstundes med dette vil me lansere alle eventyra som appar til bruk på nettbrett og interaktive tavler.

– På nettstaden Tunkatten.no

kan barnehagane til dømes finne songboka til tunkatten Lurivar og enkle aktivitetar. Opphavleg var nok nettstaden utvikla for dei litt eldre borna, men spesielt i songboka er det i tillegg mykje å hente for barnehagane, seier dagleg leiar ved Ivar Aasen-senteret, Gaute Øvereng.

I songboka til Tunkatten kan borna høyre mange ulike typar songar, og dei kan laste ned både musikk og notar. I tillegg inneheld nettstaden lydbooker, lek med ord og forteljingar.

No skal tunkatten Lurivar ut på barnehage-turné.

– Lurivar har allereie vore på barneskuleturné, men no skal han altså ut til barnehagane via den kulturelle skulesekken. Til barnehagane reiser han som ei tøydukke, sidan den store katten, ein utkledd person, ofte blir litt skremmande for dei aller minste, seier Øvereng.

Ifølgje Øvereng har tunkatten Lurivar til oppgåve å gjere borna medvitne om det mangfaldige språket.

– Lurivar er ein type som Ivar Aasen, som reiser rundt og samlar ulike dialektord.

nynorsksenteret.no/berteogiver
trolliord.net
tunkatten.no
aasentunet.no



tunkatten.no
Katten Lurivar drar på barnehage-turné

– Den språklege ressursbasen vår er bygd opp over fleire år. Her finn ein både gode språkopplegg, idear og bakgrunnsstoff, seier rådgjevar i Nynorsksenteret, Arild Torvund Olsen.

På dei interaktive nettsidene Berte og Iver kan borna leike med ord, utforske rom, spele spel og sjå animasjonsfilmar, for å nemne noko. Olsen meiner det er viktig å bruke ressursane som er tilgjengelege.

– Barnehagane bør vere flinke til å ta i bruk alle dei gode nynorskbookene som finst der ute. I tillegg treng ein eit systematisk arbeid med å bruke songar og regler i barnehagen; det finst jo så mykje bra der ute.

Nynorsksenteret viser til songbøkene *Song for deg og meg* og *Syng sjølv* som gode kjelder til songar og regler. Senteret har også laga til spelister med nynorske songar i Spotify og i Wimp. Elles finn ein bakgrunnsstoff som forfattarintervju, tips til ulike fagbøker som er nyttige, og pedagogisk retta tips, til dømes




Illustrasjon: Nynorsksenteret

nynorsksenteret.no Her finn du fleire ressursar

KTIPS?

Andre stadar ein kan finne tips til språkstimulering i barnehagen:
Lesesenteret, som er ein del av Universitetet i Stavanger.
lesesenteret.no

Skrivesenteret, som er ein del av Høgskolen i Sør-Trøndelag
skrivesenteret.no



Bokmeldingar

HISTORIA OM KORLEIS HUNDEN FEKK VÅT SNUE



M Dette er ei gjenforteljing av bibelhistoria om Noahs ark og fabelen om korleis hunden fekk snute. Bibelforteljinga er modernisert, både i språk og handling. Her blir Arka kalla ein livbåt, dyra som går og bord, har trillekoffert og ryggsekk, og krokodillen får comflakes til frukost.

Av Kenneth Steven
Illustrert av Øyvind Torseter
Samlaget 2012


Teikningane er store og detaljerte. Likevel gjev dei eit litt for enkelt preg, meiner undertekna. Dei blasse fargane gjer sidene litt for like, og kanskje ikkje så spanande og innbydande for dei unge lesarane. Trass i det gjev detaljane mange historier i same forteljinga og mange små oppdagingar, for dei eldste borna som kan lese sjølve, men også for dei som blir lesne for.

Borna vil nok føle med hunden som blir ståande for å tette holet då det går hol på Noahs ark; ikkje rart at snuten blir våt då.

Boka vil gjere ei bibelforteljing som dei fleste kjenner, enklare å fylgje med i og gjev forteljinga ei moderne ramme som aktualiserer ho. I byrjinga av boka blir det til dømes fortalt at Noah reiste rundt overalt og samla saman alle dei dyra ein kan tenkje seg. Han inviterte til og med inn dei slimete vesena som folk flest sprøyter gift på eller trør på for å bli kvitt for godt.

Judith Sørhus Litlehamar

UNNI OG GUNNI



M Bøkene om Unni og Gunni er nye biletbøker for dei minste borna. I haust kjem bøkene *Unni og Gunni reiser* og

Av: Anna R. Folkestad
Samlaget 2012

Unni og Gunni malar. Den siste boka i serien, *Unni og Gunni gjer det fint*, kjem ut i 2013. I haust kjem dessutan bøkene som bokappar. Anna R. Folkestad debuterte i 2011 med biletboka *Henrik And*.

Pingvinane Unni og Gunni er gode venner som prøver å finne gode løysingar på kvardagsproblem. Historiene og problemstillingane er enkle og lette å fylgje med i, også for dei minste barna. I boka *Unni og Gunni malar* skal vennene måle igloen sin og set i gong med å blande fargane dei treng. Dermed blir ikkje berre boka ei god historie, men også ei lærerik forteljing om korleis dei ulike fargane blir til. Og kva skal dei gjere når dei vil ut og reise? Fly på eit flygande teppe, sjølv sagt. Denne historia gjev gode forklaringar på omgrep som handlar om tid og reising.

Bileta kan kanskje til tider bli litt einsformige, sidan illustrasjonane i stor grad er konsentrerte rundt pingvinane. Samstundes er figurane lette å kjenne att og ber historia på ein god måte.

Judith Sørhus Litlehamar





PIT PARION

UT PÅ ELEFANTJAKT!

Det siste tiåret har kring hundre forfattarar debutert med skjønnlitterære utgjevingar på nynorsk. Kjartan Fløgstad seier det er «eit sant mirakel» i ein artikkel med same tittel. (Aftenposten 1. juli 2012.) Det kan sjå slik ut, men når ein ser nærare etter og spør seg fram, syner det seg at det er mange gode krefter, stort sett av det verdslige slaget, som har vore i sving og verka i same retning. Innkjøpsordninga for skjønnlitteratur spesielt, utdanningsekspljosjonen generelt, og dessutan den evige kjærleiken til språket og viljen til kvalitet i forlagsbransjen og i forfattarkollegiet.

Denne fantastiske oppblomstringa av nye stemmer i den nynorske litteraturen gjeld ikkje minst bøker for barn. Og no er vi midt i endå ein fargerik og vakker bokhaust. Gode bøker er skrivne, illustrerte, redigerte og sende ut på marknaden. Ei av kvar til meg. Det er til å bli lukkeleg av! Så blir eg likevel trist, for eg tenkjer på kor få som kjem til å lese desse bøkene. Eg leitar etter årsakene, undrar meg på om det er råd å gjere noko med dette? Då blir eg glad igjen, for eg synest det ser ut som om det ligg til rette for endå eit mirakel om vi kan få kreftene til å dra i same retning att, slik dei gjorde for skrivinga. No gjeld det lesinga!

Pisa-undersøkingane fortel oss at det ikkje står så bra til med dei norske borna sin lesekompetanse. Det eine og det andre vert målt, vest står det til med viljen til å lese.

(www.pisa.no) Aksjonsviljen har vore tilsvarande sterk frå forvaltninga si side. Leselystaksjonar avløyser kvarandre, det same gjer ikkje minst læreplanar. Store ressursar vert sette av til å løyse problemet – vi har god råd, det skal ikkje stå på pengane! Og det

står heldigvis heller ikkje på tilgangen på gode bøker, som vi veit. Då hadde vi vore ille ute. Men det er vi ikkje. Vi må berre snakke saman på tvers av posisjonane i det barnelitterære feltet og synkronisere innsatsane våre.

Mi hypotese er at medan vi har klart å etablere ein kultur for kvalitet i skrivinga av barnelitteraturen, har vi ikkje klart å etablere

ein kultur for kvalitet i lesinga av dei same bøkene. Det er eit stort paradoks at den rike, norske barnebokskatten ikkje vert lesen av dei norske barna. Sjølv sagt vert han det, men ikkje i eit system som sikrar at alle norske born får sjanse til å bli glade i å lese, eller i alle fall bli glade i å bli lesne for. I kulturen for lesing i skulen dominerer derimot eit heseblesande instrumentelt fokus, der vi lærer opp ein generasjon lesarar som rett nok kan å lese, men som ikkje vil.

På same tid sit dei som skriv barnelitteratur, og boltrar seg i det postmoderne sjangermangfaldet og dei varierte litterære mulegheitene det opnar for. Lojaliteten til barneperspektivet ser likevel ut til å vere ein felles akse som dei fleste skriv ikring. Slik er det ikkje med kritikken og forskinga. Lesaren ser ikkje ut til å vere så viktig for denne

delen av det barnelitterære feltet. Kvalitetskriterium som intertekstualitet, allusjonar, metafiksjon og implisitte, vaksne lesarroller har stort fokus, truleg fordi ein har hatt eit sterkt ynskje om å spalte ut barnelitteraturen som eige forskingsfelt frå litteraturvitenskapen. Men den tekstnære resepsjonen leitar etter mitt syn på feil stad når ein ser etter kva som kan skilje dette feltet frå vaksenlitteraturen. Det genuine ved barnelitteraturen er ikkje litteraturen som tekst aleine, men litteraturen som tekst for barnet. Kriteria vi set opp for kva som er god barnelitteratur, må angå barnelesaren.



© Astrid E. Hjelmeland

Janne Karin Støylen
Litteraturmedarbeidar, Nasjonalt senter for nynorsk opplæring

FØLG OSS PÅ FACEBOOK OG TWITTER

Pirion.no - for deg som jobbar med språk, kultur og litteratur i barnehage og småskulen.

Pirion-kurs

Les meir på www.pirion.no

Pirion

Tips oss på pirion@norsk-plan.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no